



**FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL**

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ass. direktør Marit Hovde Syltebø, 71258540

Vår dato
23.06.2017
Dykkar dato

Vår ref.
2014/4979/MASY/721.0
Dykkar ref.

Kommunane i Møre og Romsdal

Invitasjon til Velferdsteknologiens ABC 2017

Vi har gleda av å invitere alle kommunane i Møre og Romsdal til læringsnettverk basert på opplæringspakken *Velferdsteknologiens ABC*.

Ut frå tidlegare kartlegging i kommunane og tilbakemeldingar frå dei tre regionråda i fylket, er det synleggjort eit behov for å auke kompetansen innan Velferdsteknologi. Det er stor aktivitet på dette feltet i fylket vårt. Mange større og mindre utviklingsprosjekt er gjennomført, og fleire er i gang, mellom anna er tre prosjekt no med i Det Nasjonale Velferdsteknologiprogrammet. Det er også gjort eit godt arbeid av KomUT i fylket. KomUT er ein del av *Meldingsutbreiingsprogrammet* i Norsk Helsenett og har oppdrag mellom anna innan elektronisk samhandling og velferdsteknologi. Vi ser det som viktig at alle desse aktørane samarbeider for å få til eit felles løft for alle kommunane i fylket. Viktig her er også Møre og Romsdal sitt *Samarbeidsforum for velferdsteknologi*, som vart oppretta i 2015.

Mange kommunar har oppstart av Velferdsteknologiens ABC i sine kompetanseplaner for 2017/2018. Fylkesmannen og Utviklingssenter for sjukeheim og heimeteneste USHT har på grunnlag av dette vedteke å tilby prosessstøtte i arbeidet med gjennomføring av slik opplæring.

Vi ynskjer lykke til med arbeidet!

Med helsing

Grete Teigland (e.f.)
direktør

Marit Hovde Syltebø

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Plan for gjennomføring og påmelding



**Utviklingscenter for
sykehjem og hjemmetjenester**
Møre og Romsdal

PLAN FOR GJENNOMFØRING OG PÅMELDING TIL VELFERDSTEKNOLOGIENS ABC

Med tilskot frå Fylkesmannen vil USHT leie fire geografisk inndelte nettverk i fylket, med tre samlingar i kvart nettverk. Kvar kommune kan delta med eit tverrfagleg team på frå tre til fem personar. Desse skal så sørge for opplæring i eigen kommune. Det er ønskeleg med deltaking frå leiarnivå, frå helse- og omsorgstenestene og frå IKT. Om det er deltakande kommunar som har etablert IKT-samarbeid, så kan ein dra nytte av at ein representant med denne kompetansen kan representere fleire kommunar. Deltakinga og teamarbeidet må forankrast i kommuneleiinga, som legg inn ei «bestilling» til dei som skal delta. Alle teamdeltakarane skal delta på alle samlingane.

Oppstartssamlingar i nettverka blir (med atterhald om endringar):


- 19. september i Kristiansund
- 3. oktober i Molde
- 6. oktober i Ålesund
- 10. oktober Søre Sunnmøre

2. samling blir arrangert på nyåret og 3. samling truleg før sommarferien i 2018.

Det er forventa at teama som møter på samlingane arrangerer liknande dagar i eigen kommune for alle dei som arbeider med ABC-pakken. Ein plan for spreing i kommunen skal leggast ved søknaden om å delta i læringsnettverket.

Om læringsnettverk

- Læringsnettverk er ein metode for kvalitetsforbetring med fokus på iverksetting av tiltak på eigen arbeidsstad.
- Eit læringsnettverk er gjerne lagt opp slik at det er tre til fire samlingar med tverrfaglege deltakarteam frå kommunen. Mellom samlingane skal det gjerast avtalt arbeid på eigen arbeidsstad.
- Læringsnettverk skal hjelpe teama i gang med forbetnings- og utviklingsarbeidet, og gje deltakarane innføring i nyttige metodar og verktøy for iverksetting av forbetring på eigen arbeidsstad.
- Teama vil dessutan, som ein del av eit interkommunalt nettverk, få felles læring og erfaringsutveksling.



Erfaringar frå denne type forbetringsarbeid viser at eit godt resultat også er avhengig av at leiinga i kommunen støttar opp om teama som skal drive prosessen lokalt. Leiarar må sørge for at team som deltek i læringsnettverk får nødvendig støtte og at det blir sett av tilstrekkeleg tid og ressursar undervegs i prosessen.

Påmelding

Kommunane melder i fyste omgang interesse for deltaking innan 15. august 2017 til Brit Steinnes Krøvel e-post: brit.krovel@alesund.kommune.no

Påmeldte kommunar vil få tilsendt eit skjema der ein skal fylle ut namn på teamdeltakarar, aktuelt tema/problemstilling ein vil arbeide med i læringsnettverket og plan for spreiding i eigen kommune.